

Lier (gnr. 126)

Lier: Gardsnavn som sikkert kjem av naturnamnet lid, fleirtal lider, skogslier.

I skrivne kjelder finn vi Lier i Fåberg først nevnt i 1604, og Peder Lier svara da tiendekorn i gruppa for Ødegårdsmenn". Tjuefem år seinare hadde det vore brukarskifte og Erich Lierre betalde da den utlikna leiglendingskatten med 1dr. Men i 1645 var det kvinneleg brukar på Lier, Anna Lier. Det var i hennar brukartid at "Kopskatten eller Hoffuitpengene" vart innkravde, og ho svara den utlikna skatten for "1 Mandfolch og 1 Quindfolch" med 18 skilling. Tolv år seinare var det atter vorte mannleg brukar på Lie, Engebret /Erichsen, og han var da 50 år. Samtidig er det og fortalt at den samla landsskyld av Lier var 9 skinn.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Lier fortalt at brukaren i den tid framleis heitte Engebret, og at han ikkje berre var brukar av Lier, men han var og odelseigande bonde av garden. Landsskylda av Lier var da anten 9 skinn eller 1 ½ pund 8 merker smør, og korntienda vart utreidd med 1 ¾ tønne, som altså svara til ei årsavling på 17 – 18 tønner, sikkert mest bygg. Det er vidare oppgitt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar 8 naut, og at Lier alt da hadde seter og sommerbeite åt krøter på "Kinnaseter", Kinna seter. Her som på mange gardar på Stranda var det da ein liten humlehage. Lier hadde og eiga bekkevern, som det vart betalt kverntoll for. Endeleg er det og fortalt at det var skog nok til gards bruk, men enga, innmarka var berre "Temmeleg". Engebret Erichsen var framleis brukar på Lier også i 1678. Han betalde da atter ein utlikna ekstraskatt og denne gongen med 7 ½ ort i pengar. I rulla over Gudbrandsdalens fogderis soldaterlegder av 1693 er det under Lier oppgitt at landsskylda framleis 9 skinn, men når det gjaldt herfolk, var det da ingen som var rulleført på Lier.

Av 15. februar 1720 er eit skjøte som handlar om Lier i Fåberg. Sidsel Erichsdr. Siverud og Åse Erichsdr. Dagfinrud i Biri gav da søsterskjøte på 4 skinn og 2 fetling i grd. Lier, som broren Engebret da hadde arve dei resterande 4 1/2 skinn i. Det er vidare opplyst at mannen til Sidsel heitte Rasmus Pedersen Siverud., og mannen til Åse heitte Christen Haldorsen Dagfinrud.

Tre år senere kom i 1723 det mye omtalte matrikkelframlegget med flere nyere opplysninger om gardane. Av det som der er oppgitt merker ein seg at Engebret framleis var eigar og brukar av Lier. Husdyrhaldet på garden hadde da auka til 3 hestar, 16 naut og 18 sauer, og den årlege utsæd av korn var kring 4 tønner bygg og litt rug. Det var skog til brenneved og gjerdefang, og noko til hustømmer. Setra hadde berre måtelig hamn, men det var utslåttar til 1 lass høy, og høyavlinga i det heile utgjorde kring 30 lass. Ein merker seg og at den samla landsskyld av garden ganske riktig var 9 skinn.

Etter andre kjeldar er det vidare opplyst at brukaren Engebret Erichsen var gift med Sissel Olsdr., og at dei hadde 4 born, Dei var: 1. Mari f. 1715, 2. Anne f. 1717, 3. Erik f. 1719, 4. Ole f. 1722.

I 1743 hadde sonen Erik Engebretsen tatt over som brukar av Lier og fekk da utbetalt sin arv av formyndarane med 92 rd. Samtidig er det og opplyst at i ei mellomtid hadde den driftuge Holm Gulliksen også ei tid hatt Lier. – Fem år seinare gav elles Erik Engebretsen bygselseddel på Lier til klokkar Erich Christophersen. Denne bygsla ser likevel ut til å ha gått utom inkje etter to år. For i 1749 gav Erik Engebretsen ny bygselsfordel for 6 år på bruk av Lier til Christen Bentsen Gustum. Det er merkeleg nok opplyst av eigaren av garden, Erik Lier, i den tid tente på Onsum. I 1756 vart elles bygseldelen på grd. Lier til Christen Bentsen Gustum fornya for eit tidsrom av 16 år til.

Erik Engebretsen f. 1719 gifta seg i 1764 med Beret Svendsdr., og dei fekk ei dotter, Marte, som i 1780 gifta seg med Peder Olsen Fagstad f. 1743. Peder og Berit hadde i sitt ekteskap 2

sønner: 1. Erik f. 1785, 2. Ole f. 1787, g 1827 med Marte Harkildsdr Gustum f. 1806. – I 1784 hadde det elles vore brukarskifte på Lier, og Peder Olsen Fagstad hadde tatt over som bruker der. Den nye brukeren, er elles alt da kalla Peder Lier. Han og Lars Snedkerstuen og Jacob Olsen og Anne Endresdatter inngikk da ei kontrakt om eit lagesildfiskeri.

Av 1801 er ei tinglyst kontrakt mellom Simen Christiansen Fliflet, Lars Olsen Hauklien og Knut Christensen Svenskerud på den eine sida og Peder Olsen Lier på den andre sida om det rette skilje mellom skogane deres. Saka er ellers etter utskrift referert slik:

”Lier.

Kontrakt. Datert 1801, juni 19. Tgl. 1802, februar 16. mellom Simen Christiansen Fliflet, Lars Olsen Høkliien, og Knut Christensen Svenskrud på den eene og Peder Olsen Lier på den annen side, ang. at sistnevnte har fornærmet de førstnevnte med tømmerhogst i deres skog og mark. Dette åvirke lot de belægge med arrest. Peder Olsen Lier og hans efterkommere forplikter sig til ”icke at gaae Nord over Guribecken kaldet med skovhugst til udsalg denne Bæk skal være et Rett skildne imellem disse Parter Fliflet, Høchlien og Svenskrud paa den Nordre side og Lier paa Søndre Side, hvilken Bek skal skielne som meldt fra hvor den rinder ind eller ned igjennem Høchliens Hagefæld inn i deres Hiemhage og derfra og efter den høyeste Ryg af Aasen til en Flad Sten i denne Bek med paahugget A.L. norden Seteren Ruchen derfra i lige linie over et stort flat Berg til søndre Ende av Stormyren og saa paa Demkiernet kaldet isteden(?) for ommeldte Sten merket L . og Linien til StorMyren og Demkiernet tillades Peder Lier om han vil Aarlig at hugge 6 Tylter Saug Tømmer, når de første hugger noget der men ellers ikke ” m.m.

Den 18. Januarii 1802 bleve vi samtlige Forenede, hva Toppen andgaar at forandre saaledes som følger: I den Linie som Contracten tillader at Peder Lier og etterkommer for denne Gaard tillades at hugge 6 Tylter Saug Tømmer. Skal enhver af os, som i samme Linie Hugger noget Saug Tømmer være forbunden til at benytte sig af den deraf faldende Top saa langt du paa Træet, indtil den icke holder Tie Tommer. Og bliver noget til Hindring for Kreaturerne i deres Rexler, saa besørger det afHugget fra den Aavirchedes Side. Forsømmer nogen dette, og bliver af de andre Parter mindelig Varslet og ei strax besørger samme, haver de Tømmeret heraf forbrudt.”

Same året, altså i 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 4 familier på og/eller ved Lier. Det var:

1.Familie: Peder Olsen, husbonden, 58 år, 2.Marte Eriksdr., kona hans,36 år, 3. Erik Pedersen, son deres 16 år, 4. Ole Pedersen, son deres,14 år, 5.Ole Erichsen, teneste kar, 26 år, 6.Anne Olsdr., tjenestekvinne, 42 år, 7. Marit Christensdr., tjenestekvinne, 17 år, 8. Beret Svendsdr., føderådskone, 65 år.

2.Familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, skomaker, 61 år,(visstnok på plassen Øverjordet.)
2. Mari Arnesdr., kona hans, 63 år.

3.Familie: 1. Johannes Nielsen, husmann med jord, soldat, 36 år. 2. Mari Arnesdr., kona hans, 49 år.

4. Familie: 1, Peder Poulsen, husmann med jord, 45 år, 2.Marit Johansdr., kona hans,37 år.
3.Paul,son deres 12. År. 4.,Anne, dotter deres, 9år. 5. Rønnaug, dotter deres, 6 år, Marthe, dotter deres 3 år

Fem år senere gav i 1806 Peder Olsen skjøte til eldste son sin, Erik Pedersen, på farsgården Lier framleis av skyld 9 skinn for kjøpesum 900rd. + føderåd til foreldra Peder Olsen og Marte Eriksdtr.

Erik Pedersen f. 1785, som da tok over som bruker på Lier, giftet seg i 1807 med Johanne Simensdatter Borud, og de fikk ett barn, datter Marthe f. 1807. - Av ein tinglyst obligasjon av 1810 går det fram at Erik Pedersen Lier var i beit for en større pengesum, og han lånte da 1200 rd. av Svend Eriksen Wedum mot pant i garden Lier. Etter atter 3 år var det i 1813 tømmerdrift i "Liers hjemskog", og Erik Pedersen fekk da tinglyst "Forpagningskontrakt" både med presten Borchgrevink og med Frederik Legander.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Lier oppgitt at buskapen av store husdyr da var 3 hester og 16 naut, og at den årlige kornavlingen utgjorde kring 55 tønner. Vidare er det og oppgitt at Lier også da hadde 3 husmannsplasser med brukandes jord.

Erik Pedersen Lier var fremdeles eigar av garden i 1835. Men da solgte han ved skjøte av 21. september s.å. grd Lier til Andrias Borgen, som snart etter overtok garden.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskyld i huder og skinn, skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Lier i Fåberg fikk da som ny matrikkelskyld: 6 daler, 4 ort og 4 skilling, og det er opplyst at det var Andrias Borgen som var oppsitter på Lier. Andris Borgen er og nevnt i ei rettssak av 1844. Han fekk da ein underrettsdom for tyveri og vart dømt m.a. til å betale saksomkostninger. Frå denne tid er og to andre tinglyste saker som galdt Lier. I 1863-64 var det således ei utskiftningsforretning av "Kinden Sæterskov", og av 1856 er ei semje om opparbeiding av veig for Lier, Hauklién og Roland.

I Samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Lier oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på garden i den tid utgjorde 257 mål, og av dette var 96 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Lier gard var: 4 hester, 16 storfe og 18 småfe, men dertil var det på husmannsplassene til Lier til sammen 5 storfe og 12 småfe. Først på same måten var utsæden på sjølve Lier gard: 9 – 10 tønner korn og 6 – 7 tn. settepoteter; men dertil var utsæden på husmannsplassene til sammen; 5 – 6 tn. korn og 4 – 5 tn. settepoteter.

To år senere ga i 1867 enka etter Andrias Borgen, Margrethe Iversdatter, skjøte på garden Lier framleie av skyld 6 daler 4 ort skilling til Erling Hovengen for kjøpesum 1750 spd. + eit føderåd verdsett til 250spd. –Etter atter to år er eit tinglyst forlik mellom Simen Fliflet og Erling Lier om eit 5 alner breitt "Færegster", der et avsnitt er sålydende: - et 5 alen bredt Færegster fra det punkt der Lier Færegster paa undre siden av Jordet støder ned til plassen Rumpens Løkke sydover til Grinden i Lier Gaardsvei og derfra nedover efter Hovedveien til Lierødegaarden. Enhver holder lovlig gjerde for sin eiendom". Etter atter 2 år er eit annet tinglyst forlik mellom Simen Fliflet og Erling Lier, der sistnevnte fikk rett til å legge ned ei vassleidning på Fliflets grunn.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, - slik at det var 100 øre i 1 mark. Lier i Fåberg fikk da gardsnummer 126 av samla skyld 12,78 mark, og det var framleis Erling Hovengen som var eier og bruker av garden. Det gikk elles her som det så tidt går på gardane: Erling fikk snart navn etter garden og vart kalla Erling Lier eller Elling Lier. I 1901 skjøta så Erling Lier garden over til sonen Marcus Lier for kjøpesum kr.14.000,-, men i det var da medrekna føderåd til foreldra.

Marcus Lier, som da tok over som bruker på Lier, kom snart med i det politiske og kommunale livet i Fåberg og fikk etter hvert mange tillitsverv. Marcus Lier var såleis medlem av Fåberg herredsstyre i ei årrekke og var varaordfører både i perioden 1908 – 10 og i 1917 –

19. Under første verdenskrig var Marcus Lier i 1916 – 1918 også nestformann i Fåberg provianteringsråd.

Lier er en av dei gardane her i bygda som det har vore lite unnasolgt frå. Etter ajourført matrikkel i 1904 var Lier enda bare et bruksnummer. Men i 1914 ga så Marcus Lier skjøte til Olaus O. Dokken på parsellen gnr.126 brn 2 Øverstuen av skyld 0,02 mark, og i 1920 fekk Mathias P. Løkken kjøpt bnr. 3 Lierstuen av skyld 0,35 mark. I 1936 skjøtet så Marcus Lier ættegarden Lier over til sonen Erling Lier junior.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 to gardsbruk med kvar for seg et jordbruksareal av åker, hage og eng på til sammen meir enn 10 mål (da). Det var:

- a) Gnr. 126, bnr.1 Lier som Erling Lier framleis var eigar og brukar av med eit jordbruksareal på ca 270 mål
- b) Bnr .3 Lierstuen med jordbruksareal på ca. 17 mål, som Kristian Løkken var brukar og eigar av.